



Før ilegging: legg veggplasten ca. 1 m inn i siloen for å unngå at regnvatn kjem i kontakt med silomassen. Det minskar faren for at det blir produsert pressaft. Foto: Hallgeir Gravelseter

Ilegging og tildekking av plansiloar

- Start med å leggja plast ein god meter inn i silobotn på kvar side.
- Siloanlegg med veggar legg du eit langsgåande fall på silomassen bakover i siloen for å få vekk regnvatn frå uttaksområdet. Samtidig prøver du å laga eit tverfall frå veggene mot midten av siloen.
- Silo utan veggar er det mindre nøye med kva fall ein lagar.
- Ferdig pakka silo: Legg plasten frå siloveggen inn over siloføret. Legg så på toppduk og fuglenetting evt. anna toppdekke.
- Regnvatn må ikkje trenga inn i silomassen, eller koma i kontakt med silorestar. Dette kan produsera pressaft.

Siloslått

Lagringsmåtar og handtering av pressaft



Foto: NLR Rogaland

Fortørking av gras har redusert utsleppa av silopressaft

Siloslått, fortørking og forventa pressaftavrenning

- Direktehausta gras med 10-12 % tørrstoff gir om lag 400 liter pressaftavrenning per tonn gras.
- 20 % tørrstoff i graset ca. 200 liter pressaftavrenning per tonn gras.
- 20-24 timar med fortørking vil føra til ein tørrstoff % i graset på 25- 30 %.
- Tørrstoff % over 30 – inga avrenning.

Lagringsmåtar for gras

Rundballemetoden

- Minimum 30% ts, hard pakking, 8-10 lag plastikk har redusert pressaftavrenninga frå rundballar.
- Rundballar må lagrast i god avstand frå grøftesystem og opne kanalar.
- Rundballane bør lagrast på eit oppgrusa område



Rundballelager på dyrkajord til

venstre og rundballelager på grusa område til høgre.


Foto: Ragnvald Gravstad

Tårnsiloar

- Trygg og god lagringsmetode, men gamle anlegg krev vedlikehald.
- Viktig med tette silovegger og overgang silogolv/ vegg.
- Kontroll av vasslås og forbindelse mellom silo, event, pumpekum og pressaftlager.

Plansiloar

- Plansiloar krev god planlegging til omsyn av utforming.
- God plan for ilegging, pakking og fôruttak
- Rett utforming i forhold til å unngå blanding av regnvatn og pressaft/ fôrrestar.



Figur 2: Botn i siloen har fall mot tverrenna for å samla opp pressaft, og toppen av silomassen har fall motsett veg for å leia regnvatn vekk frå uttaksområdet. Teikning: Hallgeir Gravelsæter

Utforming av plansiloar

- Det skal vera drenering rundt heile anlegget.
- Langsgående fall (1 %) i botn på siloen til ei tverrenna, og vidare avløp til ein pumpekum.
- Fast betongplate (evt. asfalt) vil vera beste og sikraste løysing med omsyn til avrenning og fôrqualität.